

Norske stiftelsars samfunnsbidrag

Stiftelsestilsynet 2020



Forord

Norske stiftelsar tilfører samfunnet stadig meir pengar til gode formål, skaper arbeidsplassar og samarbeider tett med andre aktørar. Mange bidrar dessutan med frivillig arbeid. Vi ser også at stiftelsar på grunn av si frie stilling kan bidra til å innovere offentlege og private tenester gjennom å spisse tema, satsingar og nye former for samarbeid. Det stiftelsane gjer, kjem samfunnet til gode og er med på å drive samfunnet framover!

Årets undersøking gir meir og breiare kunnskap om norske stiftelsar enn vi har hatt tidlegare. Vi har undersøkt kor mykje pengar dei deler ut, men også aktivitetane deira. Stiftelsane har rekna ut kor mange frivillige og dugnadstimar dei har, og mange har fortalt med eigne ord korleis dei driv.

4 av 10 nordmenn veit ikkje om norske stiftelsar er viktige for samfunnet eller ikkje, viser ei undersøking Respons Analyse gjennomførte for Stiftelsestilsynet i november 2019. Mange av desse er kanskje oftare i kontakt med stiftelsar enn dei trur, og undersøkinga underbygger dette.

Samfunnsoppdraget til Stiftelsestilsynet er å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar gjennom tilsyn og kontroll og å vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør. Vi skal trygge stiftelsar og slik gjere det attraktivt å velje stiftelsesforma.

Det betyr at vi må kjenne landskapet godt. Sidan Stiftelsestilsynet blei etablert i 2005, har vi jobba kontinuerleg med å få meir kunnskap om norske stiftelsar. Å synleggjere stiftelsesforma, og korleis norske stiftelsar bidrar i samfunnet, er ei viktig og sentral oppgåve for oss.

Vi vil rette ein stor takk til alle som har brukt tid på å svare på undersøkinga! Det gir samfunnet ny innsikt, og det hjelper oss med å trygge norske stiftelsar og bli meir målretta i arbeidet med rettleiing, tilsyn og kontroll. Andre mål med rapporten er å skape auka interesse for stiftelsesforma og å inspirere fleire til å både forske på og utforske verdiane som kan ligge i ei organisasjonsform der det er formålet som eig verdiane.

Innhald

Forord.....	2
1. Samandrag av resultatata.....	4
2. Innleiing.....	5
3. Korleis realiserer stiftelsane formålet sitt?.....	6
4. Utdelingar.....	8
4.1 Mest til kultur og idrett.....	8
4.2 Kombinasjonsstiftelsane deler ut mest.....	10
4.3 Utdelingar i 2014 og 2018.....	11
5. Aktiviteten stiftelsane driv.....	13
5.1 Aktivitet i ulike typar stiftelsar.....	13
5.2 Flest driv aktivitet i Noreg og for befolkinga generelt.....	14
5.3 Kva sektorar driv stiftelsane aktivitet i?.....	14
5.4 Flest driv aktivitet innan kultur og idrett.....	14
5.5 Utviklinga dei siste ti åra.....	15
5.6 Nærare om nokre sektorar.....	15
5.6.1 Kultur og idrett.....	16
5.6.2 Samfunn, utvikling og sosiale tiltak.....	17
5.6.3 Barnehage, opplæring og utdanning.....	18
5.6.4 Helse-, omsorgs- og sosialtenester.....	19
5.6.5 Forsking.....	20
5.7 Sektorval for alle stiftelsar.....	21
6. Frivillige og dugnadstimar.....	22
7. Tilsette.....	23
7.1 Usikkerheit knytt til tal tilsette i undersøkinga.....	25
7.2 Årsverk.....	25
8. Geografi.....	26
9. Målgrupper.....	28
9.1 Anna.....	28
9.2 Befolkinga generelt.....	29
9.3 Barn og ungdom.....	29
9.4 Studentar.....	30
9.5 Menneske med sjukdom eller diagnose.....	30
9.6 Eldre og enker/enkemenn.....	30
10. Utfyllande informasjon gitt i undersøkinga.....	31
11. Korleis gjennomførte vi undersøkinga?.....	31
12. Svarprosent.....	32
12.1 Svarprosenten for dei pengeutdelande stiftelsane.....	32
12.2 Svarprosenten for stiftelsane som driv aktivitet.....	32
13. Moglege feilkjelder.....	33
13.1 Om dei ulike spørsmåla.....	34
Vedlegg 1: Spørjeundersøkinga.....	35

1. Samandrag av resultatata

Målet med denne undersøkinga har vore å finne ut meir om korleis norske stiftelsar bidrar til samfunnet. Vi har kartlagt pengeutdelingar og annan aktivitet, for eksempel tilsette, frivillige og dugnadstimar. Resultatet av undersøkinga viser at stiftelsane gir eit betydeleg samfunnsbidrag i form av både pengeutdeling og annan aktivitet.

Stiftelsane delte ut 6 milliardar kroner i 2018 og 5,8 milliardar kroner i 2019. Dette er ein solid auke frå førre undersøking, som gjaldt 2014, og der utdelingane var på 4 milliardar kroner. Det meste av utdelingane går til formål innanfor kultur og idrett og innanfor humanitært arbeid og bistand.

Blant aktivitetsstiftelsane, holdingstiftelsane og kombinasjonsstiftelsane er det flest stiftelsar som driv aktivitet innan kultur og idrett, og dei aller fleste av desse høyrer til kultursektoren. Det er også mange stiftelsar som driv aktivitet innanfor samfunn, utvikling og sosiale tiltak.

Vidare viser undersøkinga at dei aller fleste stiftelsane rettar utdelingane eller aktiviteten mot formål i Noreg, og det er flest stiftelsar som svarar at dei har befolkninga generelt eller barn og unge som målgruppe.

Stiftelsane står for eit stort samfunnsbidrag i form av frivillig arbeid og dugnadsinnsats. Undersøkinga viser at stiftelsane organiserte over 86 000 frivillige i 2018 og 98 000 frivillige i 2019.

Dugnadsinnsatsen er opplyst å utgjere mellom 3,5 og 4 millionar dugnadstimar i 2018 og 2019. Det er vanskeleg å fastslå verdien av dugnadsinnsatsen i kroner og øre.

Stiftelsane er også ein stor arbeidsgivar. Undersøkinga viser at det var 40 000 tilsette i stiftelsane i 2018 og 41 000 i 2019. Det er klart flest tilsette i aktivitetsstiftelsane og færrest i utdelingsstiftelsane.

I Noreg er det om lag 6 600 stiftelsar. I underkant av 7 av 10 stiftelsar svara på undersøkinga. Total eigenkapital i norske stiftelsar er om lag 175 milliardar og 93 % av eigenkapitalen er svart for i undersøkinga. Sjølv om svarprosenten er lågare enn i tidlegare undersøkingar, gir svara eit godt grunnlag for å trekke slutningar om stiftelsane sitt samfunnsbidrag på fleire viktige område.¹

¹ Illustrasjonar: Han Som Tegner. Forside: Univerket. Språkvask: Jorunn Seim, Språkbruket

2. Innleiing

Stiftelsestilsynet skal trygge norske stiftelsar og dermed også gjere det attraktivt å opprette nye stiftelsar. For at både samfunnet og vi skal få ei betre forståing av stiftelsar, ønsker vi å bidra til auka og oppdatert kunnskap om norske stiftelsar og korleis dei driv. Denne undersøkinga gir oss meir kunnskap om korleis norske stiftelsar bidrar til samfunnet, enn vi har hatt tidlegare.

Tidlegare har vi først og fremst undersøkt kor mykje pengar norske stiftelsar deler ut. Den siste undersøkinga vi gjorde, viste at norske stiftelsar delte ut 4 milliardar kroner i 2014. Men vi veit også at det finst mange stiftelsar som ikkje har som formål å drive med utdelingar, men som likevel er viktige bidragsytarar i det norske samfunnet. Stiftelsar som driv aktivitet eller verksemd, har vi til no hatt lite kunnskap om. I denne undersøkinga har vi derfor også undersøkt aktivitet, frivillig innsats og årsverk hos stiftelsane. På desse områda håper vi å kunne følge utviklinga i åra framover.

4 525 stiftelsar har svara på undersøkinga, som vi sende ut i januar 2020. Vi presenterer her svara deira saman med informasjon. Stiftelsestilsynet hadde frå før, mellom anna om eigenkapital. I tillegg har mange stiftelsar gitt kvalitative kommentarar om kva stiftelsen driv med. Desse kan du sjå eksempel på gjennom rapporten.

I denne undersøkinga er svarprosenten 68 %, men likevel er 93 % av eigenkapitalen i norske stiftelsar representert. Stiftelsar med ein eigenkapital på under 1 million kroner er minst representerte i undersøkinga. At ikkje alle stiftelsar har svara, gjer at vi kan ha gått glipp av mykje informasjon, spesielt om aktivitet og frivilligheit. På desse områda har eigenkapitalen lite å seie for kva stiftelsen bidrar med.

Norske stiftelsar stimulerer også til verdiar som er vanskelege å måle gjennom utdelingar og aktivitet, og slik er dei med på å drive samfunnet framover på fleire måtar. Sjølv om det er vanleg å drive aktiviteten i stiftelsen, er det også mange stiftelsar som driv aktivitet utanfor stiftelsen, i selskap som stiftelsen eig (konsern). Mange store stiftelsar driv slik, til dømes Olav Thon Stiftelsen, Stiftelsen SINTEF og Stiftelsen Det Norske Veritas. Denne undersøkinga kartlegg berre aktiviteten som skjer i sjølve stiftelsane, og fangar ikkje opp aktivitet i eventuelle selskap stiftelsane eig (konsern). Det er grunn til å rekne med at omfanget av aktiviteten stiftelsane driv utanfor stiftelsen, er betydeleg. Slik sett gir ikkje undersøkinga eit samla bilde av stiftelsane sine bidrag til samfunnet.

Kva er ein stiftelse?

Ein stiftelse er ei selskapsform utan eigarar. Stiftelsar blir oppretta ved at ein stiller kapital til sjølvstendig rådvelde for eit bestemt formål. Den som opprettar stiftelsen, fastset formålet og vedtektene, og han eller andre stiller kapitalen til rådvelde for stiftelsen. Når stiftelsen er oppretta, er det formålet som eig kapitalen, og styret som øvste organ i stiftelsen skal forvalte denne slik at formålet lèt seg realisere.

Stiftelsar er regulerte av stiftelseslova og vedtektene. Stiftelseslova gir reglar om styret som øvste organ og inneheld strenge vilkår for endring av formålet og andre viktige føresegner i vedtektene.

Stiftelsestilsynet fører tilsyn og kontroll med at stiftelsen blir forvalta i tråd med lova og vedtektene, og skal godkjenne alle endringar av stiftelsen og vedtektene (omdanning). Stiftelsestilsynet driv òg det nasjonale Stiftelsesregisteret med oppdaterte vedtekter og opplysningar om stiftelsane.

Desse faktorane gjer at stiftelsar blir rekna som ei statisk selskapsform som gir opprettaren stor grad av tryggleik ved at formålet og andre viktige føresegner i vedtektene blir førte vidare uendra for alltid.


3. Korleis realiserer stiftelsane formålet sitt?

Stiftelseslova regulerer stiftelsesforma og skil mellom alminnelege stiftelsar og næringsdrivande stiftelsar. Organisasjonsforma er privat, sjølveigande og omfattar mest heile spekteret av sektorar. Det finst alt frå stiftelsar som har sjølve aktiviteten som formål, til klassiske pengeutdelande legat som deler ut pengar til ei spesiell gruppe basert på avkastninga av grunnkapitalen. Næringsdrivande stiftelsar kan drive næringsverksemd sjølv, eller dei kan eige selskap utanfor stiftelsen. Stiftelsar som ikkje er næringsdrivande, er alminnelege stiftelsar.

I våre tidlegare undersøkingar har vi gruppert stiftelsane i to hovudgrupper: pengeutdelande stiftelsar og aktivitetsstiftelsar. I denne undersøkinga har vi bede stiftelsane gruppere seg etter korleis dei realiserer formålet sitt:

- gjennom å dele ut pengar (utdelingsstiftelsar)
- gjennom aktivitet, tenester eller varer (aktivitetsstiftelsar)
- gjennom eigarskap i bedrifter eller holding (holdingstiftelsar)²
- gjennom ein kombinasjon av utdeling, aktivitet og/eller holding (kombinasjonsstiftelsar)

Dette er første gong Stiftelsestilsynet bruker denne inndelinga i ei temaundersøking. Grunngevinga for dette er at denne grupperinga gir eit meir presist bilde av stiftelsane slik dei faktisk driv. Dette fører til at resultatane i denne undersøkinga ikkje er direkte samanliknbare med tidlegare undersøkingar. Vi kjem i rapporten til å bruke både denne inndelinga og inndelinga som lova har, mellom alminnelege og næringsdrivande stiftelsar. Undersøkinga viser at dei fleste stiftelsar realiserer formålet sitt enten gjennom utdeling av pengar eller gjennom aktivitet, tenester og varer.



Figur 1 Diagrammet viser kor mange stiftelsar som er utdelingsstiftelsar, aktivitetsstiftelsar, holdingstiftelsar eller ein kombinasjon av desse.

Stiftelsestilsynet har også tidlegare undersøkt korleis stiftelsar realiserer formålet sitt. I temaundersøkinga frå 2016³ svara 51 % at dei hovudsakleg dreiv med utdeling av pengar. I 2020 svara 42 % at dei driv med utdeling. Desse resultatane kan ikkje samanliknast direkte, sidan vi i 2020-undersøkinga opna for at stiftelsane kunne svare at dei driv med ein kombinasjon av pengeutdeling,

² Holdingstiftelsar er stiftelsar som eig selskap utanfor stiftelsen.

³ [Styrearbeid i norske stiftelsar](#)

aktivitet og/eller holding. Det er grunn til å tru at fleire av stiftelsane som tidlegare svarta at dei hovudsakleg dreiv med pengeutdeling, no plasserer seg i gruppa kombinasjonsstiftelsar. I denne undersøkinga er også svarprosenten lågare blant stiftelsane som vi i utgangspunktet antok skulle vere utdelingsstiftelsar (sjå kapittel 12). Ifølge Stiftelsestilsynet har tal stiftelsar sidan førre undersøking i 2016 blitt redusert.

Utviklinga i Stiftelsesregisteret dei siste åra viser at det er registrert færre nye stiftelsar, men at dei som blir oppretta, er større i form av at dei har meir eigenkapital.

År (utgang)	Tal stiftelsar i Stiftelsesregisteret	Sletta i løpet av året	Registrerte i løpet av året
2016	6 968	265	92
2017	6 814	246	93
2018	6 718	188	91
2019	6 589	229	100

Tabell 1 Tabellen viser tal stiftelsar registrert i Stiftelsesregisteret ved utgangen av året, og kor mange stiftelsar som vart sletta og registrert i løpet av året.

Ved å samanhalde svarta på undersøkinga med tidspunktet for når stiftelsen blei oppretta og registrert i Stiftelsesregisteret, kan vi få eit inntrykk av kva formål det har vore mest av blant nyregistrerte stiftelsar dei siste åra. Her kan vi sjå at av dei stiftelsane som har blitt oppretta dei siste fem åra, er det berre 35 % som i undersøkinga svarar at dei er utdelingsstiftelsar.

På kva måte realiserer stiftelsen formålet sitt?	Alle norske stiftelsar		Stiftelsar registrerte i 2015–2020	
	Tal stiftelsar	Prosent	Tal stiftelsar	Prosent
Utdelingsstiftelsar	1 910	42 %	110	35 %
Aktivitetsstiftelsar	1 765	39 %	136	43 %
Holdingstiftelsar	475	11 %	19	6 %
Kombinasjonsstiftelsar	375	8 %	49	15 %

Tabell 2 Tabellen viser kor mange av alle stiftelsane og av stiftelsane som blei registrerte i åra 2015–2020, som svarar at dei er høvesvis utdelingsstiftelsar, aktivitetsstiftelsar, holdingstiftelsar og kombinasjonsstiftelsar.


Eigenkapitalen seier noko om kor solid stiftelsen er, og kva evne til utdeling stiftelsen har. Norske stiftelsar hadde i 2018 ein samla eigenkapital på 175 milliardar kroner. Stiftelsane som har svarta på denne undersøkinga, har ein samla eigenkapital på 162 milliardar kroner. Vi kan sjå at det er høgast gjennomsnittleg eigenkapital blant kombinasjonsstiftelsane.

Eigenkapital i kvar kategori	Tal stiftelsar	Samla eigenkapital	Gjennomsnittleg eigenkapital	Median
Utdelingsstiftelsar	1 910	78 885	41	2,0
Aktivitetsstiftelsar	1 764	16 399	9	1,4
Holdingstiftelsar	475	15 668	33	2,1
Kombinasjonsstiftelsar	376	51 473	137	1,9
Alle	4 525	162 425	36	1,8

Tabell 3 Tabellen viser kor mange stiftelsar som svarar at dei høyrer til kvar kategori, samla eigenkapital, gjennomsnittleg eigenkapital og median eigenkapital. Alle tal i millionar kroner.

4. Utdelingar

Stiftelsane opplyser i undersøkinga at dei har delt ut til saman 6 milliardar kroner i 2018 og 5,8 milliardar kroner i 2019. Det har vore ein stor auke i kor mykje stiftelsane opplyser å ha delt ut, samanlikna med temaundersøkingane i 2016 og 2012. Dette er tilfellet sjølv om det er færre stiftelsar som har svara på denne undersøkinga samanlikna med tidlegare år.



Figur 2 Diagrammet viser utviklinga i samla utdelingar frå 2009 til 2019.

4.1 Mest til kultur og idrett

Stiftelsane blei bedne om å opplyse kor mykje dei har delt ut til eit utval sektorar.⁴ Svara viser at kultur og idrett og humanitært arbeid og bistand får mest pengar frå stiftelsar. Utdelingane i 2018 og 2019 er om lag like med unntak av kategorien helse-, omsorgs- og sosialtenester. Forskjellen i utdeling mellom 2018 og 2019 kan truleg forklarast med at ein stiftelse som gjorde store utdelingar i 2018 (250 millionar kroner), ikkje delte ut i 2019. Dette forklarar truleg også nedgangen i sum utdelingar for 2019.

Fleire stiftelsar har opplyst at dei deler ut pengar til fleire formål. I 2019 var det 1 467 stiftelsar som delte ut pengar, og utdelingane fordelte seg på 1 950 postar i undersøkinga.

«Det norske komponistfond har i over 50 år bidratt til at publikum i Norge får høre nyskrevet musikk, heavy metal, popmusikk- Låtskrivere og komponister innen alle sjangre har mottatt støtte fra fondet.»


- Det norske komponistfond

«Stiftelsen har som formål å skape lyspunkter for mennesker med utfordringer i hverdagen knyttet opp mot rusavhengighet. Vi har gjennom året bidratt med kinoforestillinger, teater, felles sosiale tiltak som bowling, turer, støttet tiltak slik at familier får kommet sammen.»

- Stiftelsen Petter Uteligger



⁴ Når vi ser på tala stiftelsane har oppgitt, er det noko høgare totalsum når vi slår saman alle kategoriane, samanlikna med kva stiftelsane har oppgitt som totalsum for utdelingar i 2018 og 2019. Dette gjer at det er meir usikkerheit knytt til summene per kategori enn til totalsummene for 2018 og 2019, men det gir likevel eit klart bilde av fordelinga.



Figur 3 Diagrammet viser korleis stiftelsane i 2018 og 2019 har fordelt utdelingane sine på ulike sektorar.

Utdelingar følger ikkje direkte av årsrekneskapen til stiftelsane, men skal ha eit tilhøyrande styrevedtak. Vi har i undersøkinga spurt om kor mykje stiftelsane har delt ut i 2018 og 2019. Sidan vi sende ut undersøkinga tidleg i 2020, var det på førehand litt usikkert om stiftelsane kunne rapportere tal for 2019. Stiftelsestilsynet hentar eigenkapitaltal frå sist tilgjengelege årsrekneskap, som er 2018. Når vi tar utgangspunkt i fordeling etter eigenkapital, bruker vi derfor 2018-utdelingane. Tala for samla utdelingar i 2018 og 2019 er relativt like og vil truleg gi om lag same bilde i dei seinare framstillingane vil vi difor ta utgangspunkt i 2018-utdelingane, med mindre noko anna følgjer av framstillingane.

«Over 200.000 mennesker har gjestet Litteraturhuset i Fredrikstad de to siste årene, medregnet arrangementspublikum, besøk på lukkede arrangement/utleie og på huset for øvrig. De to siste årene har vi avviklet over 450 åpne publikumsarrangement. Dette er arrangementer om litteratur, kultur, vitenskap, politikk, filosofi. Vi lager foredrag, debatter og samtaler for å styrke kunnskap og refleksjon i befolkningen – og skal være et hus for meningsutveksling og demokrati.»

-Litteraturhuset Fredrikstad

«Stiftelsen Fritt Ords viktigste virksomhet er 1200 bevilgninger hvert år etter søknad, seks årlige frister. Søknadsmengden er ca 3400 årlig. De viktigste områdene er journalistikk, film og foto og litteratur - samt en rekke prosjekter og arrangementer innen ytringsfrihet og samfunnsdebatt. I tillegg har vi egne initiativer som hvert år koster ca 14 millioner kroner, i tillegg til bevilgningene.»

-Stiftelsen Fritt Ord




4.2 Kombinasjonsstiftelsane deler ut mest

Stiftelsar som har utdelingar, kan vere enten utdelingsstiftelsar, holdingstiftelsar eller kombinasjonsstiftelsar.

Ein skulle kanskje tru at utdelingsstiftelsar delte ut mest pengar? Undersøkinga viser at utdelingsstiftelsane delte ut 2,5 milliardar kroner i 2018, med median utdeling på 30 000 kroner. Holdingstiftelsane delte ut i underkant av 430 millionar kroner, med median utdeling på 0 kroner. Kombinasjonsstiftelsane delte ut i overkant av 3 milliardar kroner, med median utdeling på 100 000 kroner. Dette kan vi sjå i samanheng med at 42 % av stiftelsane er utdelingsstiftelsar, 11 % er holdingstiftelsar, og 8 % er kombinasjonsstiftelsar.

I temaundersøkinga frå 2016 kom 74 % av utdelingane frå stiftelsar med pengeutdeling som hovudformål. Den store endringa kan forklarast med at fleire av dei store stiftelsane som i hovudsak driv med utdeling av pengar, også har andre aktivitetar, og derfor blir kategorisert annleis i denne undersøkinga.


Eksempelvis har den største norske stiftelsen målt i eigenkapital – Gjensidigestiftelsen – svara at dei er ein kombinasjonsstiftelse, medan dei i temaundersøkinga frå 2016 ikkje hadde dette alternativet og svara at dei hadde pengeutdeling som hovudformål.



Figur 4 Her ser vi kor mykje stiftelsar av dei ulike typane delte ut i 2018, og kor mange stiftelsar som høyrer til kvar type.

Norske stiftelsar er svært ulike. For dei pengeutdelande stiftelsane gir normalt eigenkapitalen i årsrekneskapan eit viktig mål på stiftelsen si evne til å dele ut pengar. Vi ser at det har blitt delt ut mest frå stiftelsane som har høgast eigenkapital – sjølv om det er langt fleire stiftelsar i gruppene med lågare eigenkapital.

Av figur 5 ser vi at stiftelsar med mindre enn 5 millionar kroner i eigenkapital står for ein mindre del av den samla utdelinga frå stiftelsane. Stiftelsar med eigenkapital under 5 millionar kroner har etter vår kunnskap ein større del av kapitalen plassert som innskot i bank, medan større stiftelsar forvaltar kapitalen meir aktivt.



Figur 5 Diagrammet viser kor mykje dei ulike egenkapitalgruppene av stiftelsar delte ut til saman i 2018, og kor mange stiftelsar det er i kvar gruppe.

Etter fleire år med låg rente har dei mindre stiftelsane dermed fått svekt evna si til å vareta stiftelsens formål. I gruppa av stiftelsar som har egenkapital på under 5 millionar kroner, og som opplyser at dei er reine pengeutdelande stiftelsar, er det 34 % som ikkje har delt ut pengar i 2018 eller 2019. For stiftelsar med høgare egenkapital enn 5 millionar kroner, er det 6 % som ikkje har delt ut pengar nokon av åra.

Etter lova skal stiftelsar delast inn i næringsdrivande og alminnelege stiftelsar. Utdelingane i 2018 fordeler seg slik: 64 % frå dei alminnelege stiftelsane og 36 % frå dei næringsdrivande stiftelsane.


	Negativ	0-1 mill.	1-5 mill.	5-15 mill.	15-50 mill.	> 50 mill.	Alle
Alminnelege	9	73	213	1 137	268	2 169	3 870
Næringsdrivande	0	1	7	20	632	1 478	2 139

Tabell 4 Tabellen viser korleis utdelingane i 2018 fordeler seg på egenkapitalgruppe, og på alminnelege stiftelsar og næringsdrivande stiftelsar.

4.3 Utdelinger i 2014 og 2018

I temaundersøkinga frå 2016 opplyste stiftelsane å ha ei samla utdeling i 2014 på 4 milliardar kroner. 3 748 av stiftelsane som svara den gongen, har også svara på denne undersøkinga. Ved å samanlikne utdelingane frå stiftelsane som har svara på begge undersøkingane, kan vi seie noko om korleis utdelingane har utvikla seg.

Figur 6 viser korleis utdelingane har auka frå 2014 til 2018 for både næringsdrivande og alminnelege stiftelsar: Utdelingane frå dei 3 748 stiftelsane har auka frå 2,7 milliardar kroner i 2014 til 5,5 milliardar kroner i 2018. Auken i utdelingane for heile gruppa utgjer 107 %. Dersom vi bruker inndelinga i lova, kan vi sjå at auken for dei alminnelege stiftelsane utgjer 79 %, medan han for dei næringsdrivande stiftelsane utgjer heile 188 %.



Figur 6 Diagrammet viser utdelingar i 2014 og 2018 fordelt på alminnelege stiftelsar og næringsdrivande stiftelsar.



«Helgeland Sparebank sin gavestiftelse har gjennom sitt arbeid på Helgeland bidratt til vekst og utvikling i denne regionen. Gavene gis til kompetansehevende og allmennyttige og samfunnsnyttige tiltak som bidrar til økt aktivitet, trivsel og bolyst på Helgeland.»

-Helgeland Sparebanks Gavestiftelse

5. Aktiviteten stiftelsane driv

Det er mange stiftelsar som bidrar til samfunnet på andre måtar enn ved å dele ut pengar. For å få betre oversikt over desse bidraga har vi undersøkt kva sektorar dei driv aktivitet i. Stiftelsane har aldri svara på liknande spørsmål frå Stiftelsestilsynet før, og vi har derfor ikkje tidlegare undersøkingar å samanlikne med.

5.1 Aktivitet i ulike typar stiftelsar

Aktivitetsstiftelsar, holdingstiftelsar og kombinasjonsstiftelsar skil seg frå utdelingsstiftelsar ved å ha eit anna formål enn berre utdeling av pengar. Desse tre gruppene kan ha aktivitet som formål. Til saman 2 615 stiftelsar i desse gruppene har svara på kva aktivitet dei driv. Av desse er 2 054 alminnelege stiftelsar og 561 næringsdrivande stiftelsar.

Aktivitetsstiftelsar har som formål å drive enten økonomisk eller annan aktivitet sjølv. Dette kan til dømes vere at stiftelsen eig ein eigedom og leiger han ut til eit bestemt formål. Holdingstiftelsar har som formål å drive aktivitet utanfor stiftelsen, ved å vere eigar av verksemda som driv aktiviteten. Stiftelsen kan for eksempel eige eit aksjeselskap som driv utleige av eigedom. Holdingstiftelsar vil som aksjonær kunne få utbytte frå aksjeselskapet. Nokre stiftelsar har som formål både å drive aktivitet og å dele ut pengar, og desse omtalar vi som kombinasjonsstiftelsar. Ein slik stiftelse kan for eksempel eige ein eigedom som han leiger ut, og så kan stiftelsen dele ut overskotet frå utleigeverksemda til eit formål.

«Stiftelsen eier og driver 24 boliger for eldre med pleie- og omsorgsbehov. [...] Boligene ligger i gangavstand til butikker og offentlige tjenester i kommunesenteret Lonevåg. Beboerne har bygget opp en kultur for å ta vare på hverandre med sosial kontakt i hverdagen der det passer.»

-Stiftinga Nesjatun

«Stiftelsen driver en liten gammel minibuss, som kjører eldre og uføre i Horten kommune. Sjøfører fra stiftelsen, pluss frivillige (dugnad), pluss at bussen blir brukt av eldreinstitusjoner i Horten kommune for turkjøring av eldre på småturer i kommunen. I tillegg kjører vi Aktiv 100, dvs eldre ut på tur vår og høst, ca 20 turer i året. I tillegg brukes bussen til noe transport på kveld, helg for eldre og uføre. Alt dette gratis for de eldre. [...]»

- Stiftelsen Agnesbussen




5.2 Flest driv aktivitet i Noreg og for befolkninga generelt

2 319 stiftelsar har svara at dei driv aktivitet i Noreg, 68 driv aktivitet i utlandet, og 228 driv aktivitet både i Noreg og i utlandet. Av dei som har svara at dei driv aktivitet heilt eller delvis i Noreg, svarar 465 at aktiviteten er landsdekkande.

Ifølge årsrekeskapane for 2018 var samla omsetning for desse stiftelsane 39 milliardar kroner og sum finansinntekter var 21 milliardar kroner. Samla eigenkapital for stiftelsane var 84 milliardar kroner.

5.3 Kva sektorar driv stiftelsane aktivitet i?




Figur 7 Diagrammet viser kor stor del av stiftelsane som har aktivitet i ein eller fleire sektorar.

Stiftelsane som driv aktivitet, har rapportert kva sektor dei driv denne aktiviteten i. Dei kunne velje ein eller fleire av 14 ulike sektorar. Den samla aktiviteten til desse 2 615 stiftelsane fordeler seg på 3 841 postar. Som vi kan sjå i figur 7, har over halvparten av stiftelsane valt meir enn eitt alternativ. Dette viser at stiftelsar har eit breitt spekter av formål og aktivitetar, ofte også innan den same stiftelsen.

5.4 Flest driv aktivitet innan kultur og idrett

Figur 8 viser at det er spesielt mange stiftelsar som driv aktivitet innan kultur og idrett. Det er dessutan mange som driv aktivitet innan samfunn, utvikling og sosiale tiltak.


Både på dette spørsmålet og på dei påfølgande spørsmåla er det ein del stiftelsar som vel alternativet «Anna». Når stiftelsane valde «Anna», kunne dei legge til ein kommentar. Her har Stiftelsestilsynet fått mykje kvalitativ og utfyllande informasjon om kva stiftelsane driv med, og den vil vi bruke i det vidare arbeidet med å auke kunnskapen om norske stiftelsar.



Figur 8 Diagrammet viser kor mange stiftelsar som driv aktivitet i dei ulike sektorane.

5.5 Utviklinga dei siste ti åra

Ved å sjå svara stiftelsane har gitt i undersøkinga, i samheng med tidspunktet då stiftelsane blei registrerte i Stiftelsesregisteret, får vi eit inntrykk av korleis utviklinga har vore dei siste åra. Stiftelsesregisteret blei oppretta i 2005, og fram til 2009 blei det etterregistrert stiftelsar, mellom anna frå arkiva til fylkesmennene. Frå 2009 gir registreringane i Stiftelsesregisteret eit meir rett bilde av tal nye stiftelsar. Etterregistrering av eldre, uregistrerte stiftelsar har det blitt gradvis mindre av sidan 2009, og det høyrer i dag til unntaka. Dei siste ti åra har det blitt registrert flest stiftelsar i sektoren kultur og idrett og i sektoren samfunn, utvikling og sosiale tiltak. Figur 9 viser korleis stiftelsane fordeler seg på dei fem mest valde sektorane, ut frå kva år dei blei registrerte.




Figur 9 Figuren viser kva sektor stiftelsane driv aktivitet innanfor, fordelt på registreringsår.

5.6 Nærare om nokre sektorar


I undersøkinga ville vi sjå nærare på kategoriar innan dei sektorane vi rekna med var dei største. Dei vi valde å sjå nærare på, var kultur og idrett; samfunn, utvikling og sosiale tiltak; barnehage, opplæring og utdanning; helse-, omsorgs- og sosialtenester, og forskning. I undersøkinga kan vi også sjå at bustad og eigedom er ein stor sektor, men denne sektoren var ikkje på førehand plukka ut til å få meir detaljerte spørsmål. Stiftelsane kunne velje fleire kategoriar innanfor kvar enkelt sektor.

5.6.1 Kultur og idrett




Figur 10 Diagrammet viser kor stor del av stiftelsane innan kultur og idrett som driv aktivitet i éin eller fleire

Kultur og idrett er den sektoren der flest stiftelsar svarar at dei driv aktivitet. Av dei 887 stiftelsane som driv aktivitet innan kultur og idrett, har 659 svara at dei er aktivitetsstiftelsar, 116 at dei er holdingstiftelsar, og 112 at dei er kombinasjonstiftelsar. Det er 87 % alminnelege stiftelsar og 13 % næringsdrivande stiftelsar innan sektoren. Eit fleirtal av stiftelsane driv aktivitet berre innan kultur og idrett. Det er mange fleire stiftelsar som driv med kultur, enn stiftelsar som driv aktivitet relatert til idrett. I sektoren er det flest stiftelsar med aktivitet innan kategoriane museum, utstilling og galleri; kulturvern og historie; og festival og konsert.



Figur 11 Her ser vi korleis stiftelsane innan sektoren kultur og idrett fordeler seg på dei ulike kategoriane. Stiftelsane kunne velje fleire kategoriar.


5.6.2 Samfunn, utvikling og sosiale tiltak



Figur 12 Diagrammet viser kor stor del av stiftelsane innan samfunn, utvikling og sosiale tiltak som driv aktivitet i éin eller fleire sektorar.


Det er også mange stiftelsar som svarar at dei driv aktivitet innanfor sektoren samfunn, utvikling og sosiale tiltak. Av dei 610 stiftelsane som driv aktivitet innan denne sektoren, har 421 svara at dei er aktivitetsstiftelsar, 57 at dei er holdingstiftelsar, og 151 at dei er kombinasjonsstiftelsar. Det er 87 % alminnelege stiftelsar og 13 % næringsdrivande stiftelsar innan sektoren. Eit klart fleirtal av stiftelsane driv aktivitet også innan andre sektorar enn samfunn, utvikling og sosiale tiltak.

I sektoren er det flest stiftelsar med aktivitet innan kategoriane allmennyttige formål; aktivitetstilbod, fritidstilbod, leir og ferie; og integrering og inkludering av ulike grupper.



Figur 13 Her ser vi korleis stiftelsane innan sektoren samfunn, utvikling og sosiale tiltak fordeler seg på dei ulike kategoriane. Stiftelsane kunne velje fleire kategoriar.


5.6.3 Barnehage, opplæring og utdanning



Av dei 442 stiftelsane som driv aktivitet innan barnehage, opplæring og utdanning, har 327 svara at dei er aktivitetsstiftelsar, 50 at dei er holdingstiftelsar, og 65 at dei er kombinasjonsstiftelsar. Det er 87 % alminnelege stiftelsar og 13 % næringsdrivande stiftelsar innan sektoren. Det er om lag like mange stiftelsar som berre driv aktivitet innan barnehage, opplæring og utdanning, som stiftelsar som driv aktivitet også innan andre sektorar.


Innanfor sektoren er det flest stiftelsar med aktivitet innanfor kategoriene barnehage, grunnskule, kurs og vidaregåande skule.

Figur 14 Diagrammet viser kor stor del av stiftelsane innan barnehage, opplæring og utdanning som driv aktivitet i éin eller fleire sektorar.



Figur 15 Her ser vi korleis stiftelsane innanfor sektoren barnehage, opplæring og utdanning fordeler seg på dei ulike kategoriene. Stiftelsane kunne velje fleire kategoriar.

5.6.4 Helse-, omsorgs- og sosialtenester




Figur 16 Diagrammet viser kor stor del av stiftelsane innan helse-, omsorgs- og sosialtenester som driv aktivitet i ein eller fleire sektorar

Av dei 409 stiftelsane som driv aktivitet innanfor helse-, omsorgs- og sosialtenester, har 299 svara at dei er aktivitetsstiftelsar, 53 at dei er holdingstiftelsar, og 57 at dei er kombinasjonsstiftelsar. Det er 78 % alminnelege stiftelsar og 22 % næringsdrivande stiftelsar innan sektoren. Eit lite fleirtal av stiftelsane driv aktivitet også innanfor andre sektorar enn helse-, omsorgs- og sosialtenester.

Flest stiftelsar i sektoren driv aktivitet innan kategoriane sosialt arbeid og sosiale tenester, folkehelse og andre tenester innan psykisk helse.


andrew alternativa. 50 stiftelsar har valt å gi ein forklarande tekst. Av desse var det 21 som i teksten opplyste at dei driv med bustadutleige til ulike grupper. I utgangspunktet var dette rekna som ei sosialteneste eller som bustad og eigendom på hovudspørsmålet. Ut frå kor mange som har valt «Anna» og forklart dette, har ikkje spørjeskjemaet vore tydeleg nok på dette punktet. Det viser at bustadutleige kanskje burde vore ein eigen kategori. I tillegg er det ein god del som har brukt feltet «Anna» til å forklare at dei driv med familievern og kriesesenter, som òg er kategoriar vi vil vurdere å ta med i framtidige undersøkingar.

På dette spørsmålet er det også mange som har kryssa av for «Anna». Av desse har 67 ikkje kryssa av på nokon av dei



Figur 17 Her ser vi korleis stiftelsane innanfor sektoren helse-, omsorgs- og sosialtenester fordeler seg på dei ulike kategoriane. Stiftelsane kunne velje fleire kategoriar.

5.6.5 Forsking



Figur 18 Diagrammet viser kor stor del av stiftelsane innan forskning som driv aktivitet i ein eller fleire sektorar.


Det var 403 stiftelsar som opplyste at dei driv innan forskning. Av desse var det flest som driv med samfunnsforskning.

Av dei 203 stiftelsane som driv aktivitet innan forskning, har 146 svara at dei er aktivitetsstiftelsar, 14 at dei er holdingstiftelsar, og 43 at dei er kombinasjonsstiftelsar. Det er 71 % alminnelege stiftelsar og 29 % næringsdrivande stiftelsar innan sektoren. Eit klart fleirtal av stiftelsane driv aktivitet også innanfor andre sektorar enn forskning.

Innanfor sektoren er det flest stiftelsar med aktivitet innan kategoriane samfunnsforskning, helseforskning og anna naturvitenskapleg forskning.

Av dei 72 som valde «Anna», var det 47 som ikkje hadde valt nokon av dei andre


alternativa. 38 av desse valde å skrive ein utfyllande kommentar.



Figur 19 Her ser vi korleis stiftelsane innan forskning fordeler seg på dei ulike kategoriane. Stiftelsane kunne velje fleire kategoriar.

5.7 Sektorval for alle stiftelsar

Alle stiftelsane fekk spørsmål om kva sektorar dei retta utdelinga eller aktiviteten mot. Det er flest stiftelsar som har svara kultur og idrett, uavhengig av om dei driv med aktivitet eller utdeling. Deretter kjem samfunn, utvikling og sosiale tiltak.



Figur 20 Viser kor mange stiftelsar innan kvar sektor som har delt ut pengar, og som driv aktivitet. Stiftelsane kunne velje fleire sektorar. Holding- og kombinasjonsstiftelsar har svara på både utdeling og aktivitet.

Her ser vi at sjølv om det samla sett er om lag like mange stiftelsar som driv med aktivitet og utdeling, er det langt fleire sektorval blant aktivitetsstiftelsane enn blant utdelingsstiftelsane. Dette kan tyde på at stiftelsane som driv aktivitet, oftare driv på tvers av sektorar og/eller kombinerte aktivitetar. Holdingstiftelsar og kombinasjonsstiftelsar (851 stk.) har svara på både utdelingar og aktivitetar og kan derfor vere talde fleire gonger. Det er derfor litt usikkert kor presist resultatet er, men det gjir likevel eit bilde av fordelinga.

6. Frivillige og dugnadstimar

Stiftelsar skaper også verdiar for samfunnet gjennom å organisere frivillige og dugnadsinnsats. Frivillig innsats er ikkje like lett å talfeste som utdelingar.


Stiftelsane har ikkje gitt denne typen informasjon til Stiftelsestilsynet tidlegare, og vi oppmoda dei derfor til å estimere desse verdiane i form av tal frivillige og dugnadstimar. Undersøkinga viser at mange stiftelsar skaper verdiar på denne måten.

I undersøkinga svarar 1 979 stiftelsar at dei har engasjert 86 000 frivillige i 2018, og 2 007 stiftelsar har engasjert 98 000 frivillige i 2019. 45 % av stiftelsane har kryssa av for at dei oppgitte tala er estimerte.

Stiftelsane har svara at dei til saman organiserte over 3,5 millionar dugnadstimar i 2018 og nesten 4 millionar i 2019. Dugnadstimar organiserte av stiftelsar utgjorde i 2019 i overkant av 2 000 årsverk⁵. I 2018 var talet ca. 1 800 årsverk. I 2019 var det 62 % som oppgav at tala er estimerte.


Svara viser at det er i Noreg dei fleste stiftelsane organiserer frivillige. I 2019 blei om lag 2 % av dei frivillige organisert av stiftelsar med aktivitet i utlandet. Desse stod for ca. 1,3 % av dugnadstimane.

Aktivitetsstiftelsane organiserer mesteparten av den frivillige innsatsen. Det har ikkje vore mogleg å dele inn den frivillige innsatsen på sektornivå. Årsaka er at stiftelsane kunne velje fleire sektorar, noko som inneber at kvar frivillig kunne bli tald fleire gonger.



Figur 21 Diagrammet viser korleis dei frivillige personane fordeler seg på dei ulike typane stiftelsar.

⁵ Årsverk er berekna til 1 950 timar. <https://www.ssb.no/a/metadatas/conceptvariable/vardok/2744/nb>



«Nordlandsmuseet driver museumsvirksomhet i 9 kommuner i Salten i Nordland. Vi forvalter mer en 130 kulturhistoriske bygninger og driver 17 museumsanlegg. Fire av disse er helårsåpne museer.»

-Nordlandsmuseet

«Bevaring av den verna fiskebåten M/S Hindholmen bygd i 1916. Norges eldste og største verna fiskefartøy i stål. Representativ for det eventyrlige sildefiske på 50-talet.»

-Stiftinga MS Hindholmen


«EWC jobber for å styrke utdanning for demokrati og menneskerettigheter i europeiske land. EWC jobber med universiteter, skoler, sivilsamfunnet og utdanningsmyndigheter i 26 land.»

-Det Europeiske Wergelandsenteret

7. Tilsette


Undersøkinga viser at det er mange tilsette i norske stiftelsar. For 2018 og 2019 svarar stiftelsane at dei har høvesvis 40 600 og 41 200 tilsette til saman. Den vidare framstillinga vil berre vise tilsette i 2019. Det skuldast at tala frå 2018 og 2019 er så like.

Dei tilsette er ikkje jamt fordelt på stiftelsane: For 2019 var det 174 utdelingsstiftelsar, 1 071 aktivitetsstiftelsar, 133 holdingstiftelsar og 127 kombinasjonsstiftelsar som hadde tilsette.




Figur 22 Diagrammet viser kor mange prosent av stiftelsane innanfor kvar gruppe som i 2019 hadde tilsette.

Fordelinga av tal tilsette mellom gruppene av stiftelsar viser enda større variasjon: For 2019 hadde utdelingsstiftelsane ca. 500 tilsette, aktivitetsstiftelsane ca. 33 900 tilsette, holdingstiftelsane ca. 1 600 tilsette og kombinasjonsstiftelsane 5 167 tilsette. Dei fleste er med andre ord tilsette i aktivitetsstiftelsar. Forklaringa kan ligge i at aktivitet normalt sett krev meir personale enn utdelingar.



Figur 23 Her ser vi fordelinga av tal tilsette på dei ulike gruppene av stiftelsar i 2019.

Svara viser også at det mellom gruppene er stor skilnad i gjennomsnittleg tal tilsette i kvar enkelt stiftelse: Det er i snitt klart flest tilsette i kombinasjonsstiftelsane og aktivitetsstiftelsane. Holdingstiftelsane har færre tilsette, men likevel klart fleire enn utdelingsstiftelsane.



Figur 24 Diagrammet viser gjennomsnittleg tal tilsette i dei ulike gruppene av stiftelsar i 2019.

Det er liten skilnad i gjennomsnittleg tal tilsette mellom alminnelege og næringsdrivande stiftelsar. Alminnelege stiftelsar med tilsette hadde i snitt 28 tilsette, medan næringsdrivande stiftelsar med tilsette i snitt hadde 26 tilsette i 2019.

7.1 Usikkerheit knytt til tal tilsette i undersøkinga

For 2019 svara 1 505 stiftelsar at dei hadde 41 200 tilsette. I Arbeidsgivar- og arbeidstakarregisteret (Aa-registeret) er stiftelsane registrerte med 38 178 tilsette dette året.

For 2018 har vi òg samanlikna svara frå stiftelsane om tilsette med opplysningar om lønnskostnader og lønn til dagleg leiar i årsrekneskapen for 2018. For 2018 er det om lag 150 av stiftelsane som har svara at dei har tilsette, som ifølgje årsrekneskapen ikkje hadde lønnskostnader eller betalte lønn til dagleg leiar. Dersom vi trekker frå tal tilsette i desse stiftelsane, sit vi att med om lag 1 300 stiftelsar som har svara at dei hadde om lag 37 000 tilsette i 2018. Sidan årsrekneskapen for 2018 er det siste året vi har tilgang til, har vi ikkje kunna gjere ei tilsvarande samanlikning av svara for 2019. Vi har grunn til å tru at det ville vore om lag tilsvarande avvik i 2019 som for 2018.

7.2 Årsverk

I undersøkinga svara stiftelsane at dei omlag 40 600 tilsette i 2018 utgjorde 44 000 årsverk. For 2019 utgjorde 41 169 tilsette 45 000 årsverk. Ein nærare gjennomgang viser at det er grunn til å stille spørsmål ved om tal årsverk er rett.

Viss vi samanliknar tal tilsette og årsverk, finn vi differansar som ikkje kan forklarast på ein naturleg måte. Blant svara er det 14 stiftelsar som oppgir over 100 fleire årsverk enn dei har tilsette. Desse stiftelsane opplyser at dei har 20 tilsette, og at desse stod for om lag 11 000 årsverk i 2018. Vidare er det om lag 250 stiftelsar som har svara at dei har årsverk, men som ikkje har lønnskostnader eller lønn til dagleg leiar i årsrekneskapen.

Det knyter seg med andre ord så stor usikkerheit til tal årsverk i undersøkinga at vi har valt å ikkje kommentere dette vidare.

«Stiftelsen Dam (tidligere ExtraStiftelsen) har bidratt til at nærmere to tusen helse- og forskningsprosjekter har blitt realisert i 2018 og 2019. Dette gir en betydelig aktivitet i de frivillige organisasjonene som står bak stiftelsen, og bidrar til at veldig mange mennesker får muligheten til å leve gode liv. [...]»

-Stiftelsen Dam



«Bidratt med økonomisk støtte til en rekke forskningsprosjekter som har som målsetning å belyse og forbedre livssituasjonen for: barn, unge og voksne som har medfødt hjertefeil, arvelig hjertefeil eller tidlig ervervet hjertefeil, og gravide med påvist hjertefeil hos fosteret.»


*-Foreningen for hjertesyke barn
Forskningsstiftelsen*

«Støtte til forskning og forskningsfremmende virksomhet ved norske universiteter og universitetssykehus, [...] Se for eksempel vår satsing på forskning på antibiotikaresistens (80 mill kroner til 4 forskningsprosjekter tildelt i 2019).»

-Trond Mohn Stiftelse

8. Geografi


Stiftelsestilsynet ønske å undersøke kor stiftelsane skaper verdiar. Dei fleste stiftelsane driv verksemda si i Noreg (91 %). Av stiftelsane som har svara på denne undersøkinga, er det berre 2 % som driv verksemd i utlandet, medan 7 % driv verksemd i både Noreg og utlandet.



Figur 25 Diagrammet viser kor stiftelsane deler ut pengar eller driv aktivitet.


Fordelinga av utdelingsstiftelsar, aktivitetsstiftelsar, holdingstiftelsar og kombinasjonsstiftelsar er omtrent lik i Noreg, utlandet og Noreg og utlandet. Når vi bruker registreringsdato i Stiftelsesregisteret til å sjå på utviklinga, kan vi sjå at dette har vore stabilt over tid.

Dei fleste av stiftelsane som driv heilt eller delvis i Noreg, er landsdekkande. Av stiftelsane som driv aktiviteten sin i eitt eller fleire fylke, er Oslo, Vestland og Viken dei mest vanlege fylka. Sidan stiftelsar kan ha klare føresegner i vedtektene om kvar formålet skal realiserast, kunne dei velje fleire alternativ på dette spørsmålet.




Figur 26 Diagrammet viser kor mange stiftelsar som driv i kvart fylke og landsdekkande.

Om lag 9 % av stiftelsane oppgav at dei heilt eller delvis realiserte formålet sitt utanfor Noreg – dei fleste i Europa, men òg ein del i Afrika og Asia.



Figur 27 Her ser vi kor mange stiftelsar som driv i ulike verdsdelar.

91 % av stiftelsane driv berre i Noreg, men dei står for berre 68 % av utdelingane. Utdelingar som vi då kan anta er til målgrupper i Noreg, utgjer i 2019 i underkant av 4 milliardar kroner. 14 % av utdelingane blei gjorde av stiftelsar som driv i utlandet, og desse utgjorde 822 millionar kroner. 18 % blei gjorde av stiftelsar som driv i både Noreg og utlandet, og desse utgjorde i overkant av 1 milliard kroner.




Figur 28 Diagrammet viser kor stor prosentdel av utdelingane som blei gjorde av stiftelsar som driv i høvesvis Noreg, utlandet og Noreg og utlandet.

9. Målgrupper

Sektorane vi har vist til over, har ofte same målgruppe. Eit eksempel på dette er at både stiftelsar som driv innan kultur og idrett, og stiftelsar som driv innan opplæring, barnehage og skule, ofte har barn og unge som målgruppe. Dette gjeld både for utdelingsstiftelsar og for stiftelsar som driv aktivitet.

Stiftelsestilsynet har valt å fokusere på eit utval målgrupper som stiftelsar etter vår erfaring har. Ikkje alle stiftelsar vil kjenne seg igjen i desse målgruppene. Eventuelt synest dei kanskje at inndelinga vår ikkje er presis nok, og har derfor svara «Befolkninga generelt» eller «Anna». Mange har valt «Anna», og det viser truleg at mange stiftelsar kan ha definert svært spesifikke eller smale målgrupper. «Barn og unge», «menneske med sjukdom eller diagnose» og «studentar» er dei målgruppene – utanom «Befolkninga generelt» og «Anna» – som flest stiftelsar har valt.



Figur 29 Diagrammet viser kor mange som har valt kvar målgruppe.

74 % av stiftelsane har opplyst at dei berre har éi målgruppe, 16 % opplyser at dei har to målgrupper, og 6 % opplyser at dei har tre målgrupper. Dei resterande har fleire enn tre målgrupper. Det er berre éin stiftelse som opplyser å ha ni målgrupper. Dei fleste av stiftelsane som berre har valt éi målgruppe, har valt «Befolkninga generelt». Blant stiftelsane som har fleire målgrupper, er det mange som har oppgitt «flyktningar og innvandrarakar» eller «urbefolkning og minoritetsgrupper».

Når vi bruker registreringsdato i Stiftelsesregisteret til å sjå på utviklinga, kan vi sjå at delen av stiftelsar som har valt dei ulike målgruppene, er ganske stabil, uavhengig av når stiftelsane blei registrerte i Stiftelsesregisteret.

9.1 Anna

Det er flest stiftelsar som har svara at dei har ei anna målgruppe enn dei alternativa som stod i spørjeskjemaet.

Av stiftelsane som har svara «Anna», er det 56 % som er utdelingsstiftelsar, 25 % som er aktivitetsstiftelsar, 9 % som er holdingstiftelsar, og 9 % som er kombinasjonsstiftelsar. På tvers av gruppene er det 41 % av stiftelsane som har delt ut pengar.

Det er 1 190 stiftelsar som berre har valt alternativet «Anna». Sidan vi ønskte å få meir kunnskap om desse stiftelsane, valde vi å sjå nærare på kva næringskoder dei var registrerte med i

Brønnøysundregistra. Det viste seg at 54 % hadde næringskoden «fond/legat som støtter veldedige og allmenntilgode formål», 9 % hadde næringskoden «aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted», og 8 % hadde «utleie av egen eller leid fast eiendom ellers». Stiftelsane som berre valde «Anna», delte i 2019 ut rett i overkant av 1 milliard kroner. Av dette gjekk 330 millionar kroner til anna formål, 401 millionar kroner gjekk til forskning, og 150 millionar kroner gjekk til kultur og idrett.

9.2 Befolkninga generelt

Mange stiftelsar oppgav også befolkninga generelt som målgruppe. 864 stiftelsar hadde dette som einaste målgruppe. 149 stiftelsar med totalt 230 utdelingar delte ut 1,5 milliardar kroner i 2019.

Av dei stiftelsane som har valt befolkninga generelt som si einaste målgruppe, var det flest som har delt ut pengar til kultur og idrett. Deretter kjem samfunn, utvikling og sosiale tiltak. Desse sektorane fekk høvesvis 699 millionar kroner og 361 millionar kroner frå stiftelsar med befolkninga generelt som einaste målgruppe.

652 stiftelsar med denne målgruppa hadde aktivitet innan kultur og idrett, 319 innan samfunn, utvikling og sosiale tiltak, og 141 innan barnehage, opplæring og utdanning.

9.3 Barn og ungdom

Det var 376 stiftelsar som berre valde barn og ungdom som målgruppe. 101 stiftelsar med 116 utdelingar delte ut 273 millionar kroner.

Dei fleste av desse stiftelsane delte ut til kultur og idrett og til samfunn, utvikling og sosiale tiltak. Den største summen gjekk til humanitært arbeid og bistand med 201 millionar kroner i 2019.

Også blant stiftelsane med barn og ungdom som målgruppe var det flest som hadde aktivitet innan kultur og idrett: 293 stiftelsar. Det var 290 som hadde aktivitet innan barnehage, opplæring og utdanning, og 232 som hadde aktivitet innan samfunn, utvikling og sosiale tiltak.



«Stiftelsen har bidratt til veldig mange tiltak innen friluftsliv, trivselstiltak for eldre og fritidstilbud for barn og unge. Det siste året er det etablert mange utlånssentraler i landsdelen. Disse tilbyr gratis utlån av tur- og fritidsutstyr til både barn, unge og familier. Dette er et svært godt tiltak for inkludering og for å minske sosialøkonomiske forskjeller.»

-Sparebankstiftelsen SpareBank 1 Nord-Norge

«Arrangere det største turrennet på ski i Sør/vest Noreg med ca. 1200 deltakrarar. Arrangementet i seg sjølv er eit viktig tilbod for trening og folkehelse. Arrangementet gjev og gode næringsmessige ringverknadar og set området "på kartet.»

-Stiftinga Sesilåmi

«Stiftelsen bidrar til klimaomstilling i samfunnet ved å gi tom og mulighet til praktisk læring for barn, unge og voksne om økologi, bærekraftig natur- og ressursbruk, produksjon og bruk av lokalmat, sunt kosthold.»

- Holt 4H læringstun

9.4 Studentar

Det var 195 stiftelsar som berre valde studentar som si målgruppe. 93 stiftelsar med 99 utdelingar delte ut 81 millionar kroner.

Dei fleste av desse delte ut til formål innan kategorien barnehage, opplæring og utdanning. Dette utgjorde 75 millionar kroner. Den kategorien som fekk utdelt den nest største summen, var forskning, med 3,3 millionar kroner.

Av desse stiftelsane var det 135 som hadde aktivitet innan forskning, 124 innan kultur og idrett, 117 innan barnehage, utdanning og opplæring, og 102 innan samfunn, utvikling og sosiale tiltak.

9.5 Menneske med sjukdom eller diagnose

285 stiftelsar hadde menneske med sjukdom eller diagnose som einaste målgruppe. Desse delte til saman ut 31 millionar kroner i 2019.

Dei fleste av desse delte ut pengar innan kategorien helse-, omsorgs- og sosialtenester. Denne kategorien fekk 10,6 millionar kroner i 2019. Videre var det 44 stiftelsar som delte ut til samfunn, utvikling og sosiale tiltak, og 42 stiftelsar som delte ut til forskning. Desse fekk høvesvis 2,3 og 11,4 millionar kroner.

194 stiftelsar hadde aktivitet innan helse-, omsorgs- og sosialtenester, 118 innan samfunn, utvikling og sosiale tiltak, og 77 innan bustad og eigedom.

9.6 Eldre og enker/enkemenn

195 stiftelsar hadde berre eldre og enker/enkemenn som målgruppe. Av desse var det 53 stiftelsar som delte ut pengar i 2019. Dette utgjorde 17,5 millionar kroner. Mest pengar gjekk til samfunn, utvikling og sosiale tiltak og til helse-, omsorgs- og sosialtenester, med høvesvis 6,7 og 6,9 millionar kroner.

140 stiftelsar hadde aktivitet innan bustad og eigedom, 80 innan helse-, omsorgs- og sosialtenester, 74 innan samfunn, utvikling og sosiale tiltak, 43 innan kultur og idrett, og 25 innan barnehage, opplæring og utdanning.



«Bidratt til å hjelpe veteraner fra internasjonale operasjoner som etter sin tjeneste får økonomiske problemer ifbm rus og post traumatisk stressyndrom som ikke ivaretas raskt nok av NAV, slik at de mister bolig, strøm og kommer på etterskudd økonomisk med husleie og låneforpliktelser.»

- Stiftelsen Veteranhjelp

«UNICEF driver med innsamling av midler til overføring til humanitære prosjekter i utlandet, samt informasjonsarbeid og påvirkningsarbeid i Norge. UNICEF er FNs barnefond og har som mål at alle barn i verden skal få oppfylt sine rettigheter.»

- UNICEF- komiteen i Norge

10. Utfyllande informasjon gitt i undersøkinga

2 265 stiftelsar valde å skrive noko i fritekstfelt. Her var det høve til å fortelje meir om kva stiftelsen driv med. Dette gir mykje utfyllande informasjon om stiftelsane, og vi vil bruke informasjonen i det vidare arbeidet vårt. Desse kommentarane kan du sjå eit utval av i rapporten.

2 961 av stiftelsane har samtykt i at Stiftelsestilsynet kan ta kontakt med dei for å få enda meir informasjon om det samfunnsmessige bidraget deira. Vi kan naturlegvis ikkje kontakte alle, men vi set stor pris på den moglegheita dette gir oss.

805 stiftelsar hadde kommentarar til undersøkinga. Den vanlegaste kommentaren går ut på at mange opplever at kartlegginga ikkje var lagd til rette for deira stiftelse. Dette er dessverre ein naturleg konsekvens av at vi sender same kartlegging til alle i ei så stor og mangfaldig gruppe som norske stiftelsar. Resultatet av denne undersøkinga vil hjelpe oss med å legge til rette for mindre og meir tilpassa undersøkingar i framtida.


11. Korleis gjennomførte vi undersøkinga?

Stiftelsestilsynet begynte i september 2019 å førebu ei ny temaundersøking i 2020. Undersøkinga skulle ha som mål å kartlegge samfunnsbidraget til norske stiftelsar i større omfang enn vi har gjort tidlegare. Denne gongen ville vi også sjå på samfunnsnytte utover pengeutdelingar.

2. januar 2020 sende vi ut invitasjon til alle dei 6 587 stiftelsane i Noreg om å delta i undersøkinga. Svarfrist var 16. februar. Vi sende invitasjonen elektronisk til stiftelsens innboks på Altinn og på e-post til dei 2 856 stiftelsane som vi hadde e-postadresse til. Kvar 14. dag sende vi påminning via fleire kanalar til stiftelsane som ikkje hadde svara: elektronisk post til styreleiarar, fysisk post til styreleiarar som ikkje opna elektronisk post, og SMS til personar med registrerte roller i stiftelsane. Vi kontakta òg enkelte stiftelsar på telefon. For å auke svarprosenten heldt vi undersøkinga open til 15. mars.

Undersøkinga blei gjennomført som eit elektronisk spørreskjema. Etter dei innleiande spørsmåla om stiftelsens namn, kontaktinformasjon, kven som svarar, kor stiftelsen driv (geografi), og kva målgruppe stiftelsen har, kom spørsmålet om korleis stiftelsen realiserer formålet. Der fekk stiftelsane fire alternativ: utdelingsstiftelse, aktivitetsstiftelse, holdingstiftelse og kombinasjonsstiftelse.

Alle stiftelsane bortsett frå aktivitetsstiftelsane fekk så spørsmål om utdelingar. Deretter fekk alle stiftelsane bortsett frå utdelingsstiftelsane spørsmål om kva aktivitet dei driv. Etterpå fekk alle spørsmål om tilsette, årsverk og frivillig innsats. Av dei som svara for stiftelsane, var det flest som hadde rolla som styreleiar, men også dagleg leiar svara for mange av stiftelsane.



Figur 30 Her ser vi kva roller dei som svara på undersøkinga på vegner av stiftelsane, hadde.

12. Svarprosent

Då undersøkinga stengde, hadde vi fått inn 4 525 svar. Dette gav oss ein svarprosent på 68,7 %.

Dei pengeutdelande stiftelsane hadde ein svarprosent på 61 %, og dette representerte 93 % av eigenkapitalen i gruppa. Stiftelsane som driv aktivitet (aktivitetsstiftelsane, holdingstiftelsane og kombinasjonsstiftelsane), hadde ein svarprosent på 75 %, og det representerte 92 % av eigenkapitalen i gruppa.

Svarprosenten i gruppene er fastsett med bakgrunn i svara på denne undersøkinga. For stiftelsar som ikkje har svara, har vi prøvd å anslå kva gruppe stiftelsen høyrer til: For dei stiftelsane som svara på temaundersøkinga i 2016, er grupperinga basert på svara dei gav der. For resten av stiftelsane er grupperinga basert på ei konkret vurdering av stiftelsen med bakgrunn i moment som stiftelsens namn, næringskode, vedtektsfesta formål og opplysningar frå årsrekneskapen.

12.1 Svarprosenten for dei pengeutdelande stiftelsane

Slik har vi fastsett kva stiftelsar som er pengeutdelande stiftelsar: Stiftelsar som har svara på undersøkinga at dei realiserer formålet sitt gjennom utdeling av pengar (spørsmål 10, svaralternativ 1), har vi kategorisert som utdelingsstiftelsar. Når det gjeld stiftelsar som ikkje har svara på undersøkinga, har vi kategorisert dei som pengeutdelande (1) når dei i temaundersøkinga frå 2016 har svara ja på spørsmålet om dei hovudsakleg driv med utdeling av pengar, eller (2) når dei ut frå namn, næringskode frå Brønnøysundregistra, vedtektsfesta formål og/eller opplysningar frå årsrekneskapen naturleg er å rekne som pengeutdelande stiftelsar.

For dei pengeutdelande stiftelsane var svarprosenten 61 %, og dei aktuelle stiftelsane representerte 93 % av eigenkapitalen i gruppa. Som tabellen under viser, er svarprosenten låg blant stiftelsane med lågast eigenkapital, medan han er høg for stiftelsane som har høgast eigenkapital. Stiftelsar med eigenkapital mellom 1 og 5 millionar kroner og mellom 0 og 1 million kroner har ein svarprosent på høvesvis 66 % og 47 %. Sjølv om vi i desse to gruppene manglar svar frå 1 063 stiftelsar, noko som utgjør 88 % av dei manglande svara, representerer desse berre 1,3 % av eigenkapitalen i gruppa. Sidan storleiken på eigenkapitalen for pengeutdelande stiftelsar normalt er eit mål på evna deira til å dele ut pengar, er det grunn til å anta at dei manglande svara ikkje ville påverka det samla resultatet av undersøkinga når det gjeld utdelingar.

Pengeutdelande stiftelsar			
Eigenkapitalgruppe i kroner	Tal svar	Svarprosent	Prosent av eigenkapitalen som svara i gruppa representerer
Alle	1 910	61 %	93 %
> 50 millionar	108	96 %	96 %
15–50 millionar	152	82 %	83 %
5–15 millionar	291	74 %	74 %
1–5 millionar	752	66 %	67 %
< 1 millionar	607	47 %	50 %

Tabell 5 Tabellen viser tal stiftelsar som har svara frå kvar eigenkapitalgruppe, kor mange prosent dette utgjør, og kor stor prosentdel av eigenkapitalen svara i gruppa representerer.

Når 93 % av eigenkapitalen til dei antatt pengeutdelande stiftelsane er representert i undersøkinga, og sidan det er flest stiftelsar med låg eigenkapital blant dei som ikkje har svara, kom vi fram til at denne svarprosenten var tilstrekkeleg til å gi oss eit godt bilde av utdelingane som norske stiftelsar gjer. Samtidig går vi glipp av informasjon om korleis dei stiftelsane som ikkje har svara, eventuelt skaper verdiar på andre måtar, for eksempel gjennom frivillig innsats og annan aktivitet.

12.2 Svarprosenten for stiftelsane som driv aktivitet

Slik har vi fastsett kva stiftelsar som driv aktivitet: Stiftelsar som har svara på undersøkinga at dei er aktivitetsstiftelsar, holdingstiftelsar eller kombinasjonsstiftelsar (spørsmål 10, svaralternativ 2–4), har vi

kategorisert som stiftelsar som driv aktivitet. Når det gjeld stiftelsar som ikkje har svara på undersøkinga, har vi antatt at dei driv aktivitet (1) når dei i temaundersøkinga frå 2016 har svara nei på spørsmålet om dei hovudsakleg driv med utdeling av pengar, eller (2) når dei ut frå namn, næringskode frå Brønnøysundregistra, vedtektsfesta formål og/eller opplysningar frå årsrekneskapen naturleg er å rekne som stiftelsar som driv aktivitet.

For stiftelsane som driv aktivitet, var svarprosenten 75 %. Sidan storleiken på eigenkapitalen for desse stiftelsane ikkje er eit mål på aktiviteten – slik han ofte er for utdelingsstiftelsane – var det vanskelegare å vurdere kor god svarprosenten er. Ettersom Stiftelsestilsynet ikkje har så mykje informasjon frå før om korleis desse stiftelsane driv, for eksempel om type aktivitet, har vi få andre mål for å vurdere kor representativt utvalet er. Vi kom derfor fram til at svarprosent både innanfor gruppa som driv aktivitet, og innanfor eigenkapitalen i gruppa var eit godt mål. Målet var sett til ein svarprosent på minimum 70 % av svar innan gruppa og eigenkapitalen i gruppa. Gruppene for eigenkapital er basert på eigenkapitalgruppene for årsavgift i forskrift til stiftelseslova. For ikkje å få for mange grupper, blei alle stiftelsar med eigenkapital på under 1 million kroner og alle stiftelsar med eigenkapital på over 50 millionar kroner slått saman til kvar si gruppe.

Stiftelsar som driv aktivitet			
Eigenkapitalgruppe i kroner	Tal svar	Svarprosent	Prosent av eigenkapitalen som svara i gruppa representerer
Alle	2 615	75 %	92 %
> 50 millionar	120	86 %	95 %
15–50 millionar	216	83 %	84 %
5–15 millionar	384	76 %	76 %
1–5 millionar	826	75 %	75 %
< 1 millionar	1 069	73 %	77 %

Tabell 6 Tabellen viser tal stiftelsar som har svara frå kvar eigenkapitalgruppe, kor mange prosent dette utgjør, og kor stor prosentdel av eigenkapitalen svara i gruppa representerer.

Svarprosenten er over 70 % i alle eigenkapitalgruppene, og det er lågast svarprosent i gruppene med lågast eigenkapital.

13. Moglege feilkjelder

Tidlegare temaundersøkingar som Stiftelsestilsynet har gjennomført, har hatt svært høg svarprosent. At denne undersøkinga har lågare svarprosent, er ei mogleg feilkjelde, og det kan derfor hende at svara er mindre representative.

Sidan svara vi har fått, representerer over 90 % av eigenkapitalen i norske stiftelsar, er det er lite sannsynleg at det finst store summar av utdelingar som ikkje er kartlagde. Ein svarprosent på 68,7 % gjer likevel at det kan vere mykje frivillig aktivitet som ikkje er kartlagd. Dette er det ikkje mogleg å estimere, sidan stiftelsane er svært ulike.

Vi har svært avgrensa grunnlag for å seie noko om stiftelsane som ikkje har svara: korleis dei driv, kva sektorar dei driv innan, om dei organiserer frivillige, kor dei driv verksemd, osv. Vi kan berre seie noko om dei stiftelsane som har svara.

På dei fleste av spørsmåla kan stiftelsane velje fleire alternativ. Dette gjer det vanskelegare å sjå på samanhengar mellom ulike spørsmål. Men sidan stiftelsar ofte har fleire og likestilte formål, bestemte vi oss likevel for å gjere det på denne måten.

Bortsett frå spørsmålet om tilsette har ikkje Stiftelsestilsynet høve til å kontrollere tala vi har fått frå stiftelsane, mot andre kjelder. Det betyr at vi rapporterer tala slik stiftelsane har oppgitt dei. I den grad dette er feil, vil òg rapporten reflektere dette.

13.1 Om dei ulike spørsmåla

Dette er ikkje første gong Stiftelsestilsynet undersøker utdelingar, og her kan vi sjå at resultatane er på linje med tidlegare resultat. Frå dei tidlegare undersøkingane veit vi òg at eigenkapital påverkar utdelingar i stor grad, og vi veit noko om kva stiftelsar som deler ut pengar. Denne kunnskapen gjer at vi kan vurdere kvaliteten på resultatane i større grad. Jamt over er svara på dette spørsmålet som vi kan forvente.

Når vi skal vurdere aktivitet og frivillig innsats, har ikkje Stiftelsestilsynet same kunnskap frå før. Svara i undersøkingane tyder på at eigenkapital og annan registrert informasjon har lite å seie for kor mykje frivillig innsats stiftelsen organiserer, og kva aktivitet stiftelsen driv. Vi har heller ikkje moglegheit til å kontrollere svara mot andre kjelder. Når det gjeld frivillige og dugnadstimar, har det komme fram at det er enkelte stiftelsar som er usikre på kor tett knytt til stiftelsen denne aktiviteten må vere for å bli tald med. Med andre ord kan stiftelsane ha ulikt utgangspunkt for svara sine.

Stiftelsestilsynet har tilgang til tal frå Arbeidsgivar- og arbeidstakarregisteret (Aa-registeret) og har på denne måten kunnskap om kor mange tilsette norske stiftelsar har. Aa-registeret har flytande tal på tilsette etter kva organisasjonane rapporterer. Vi veit òg at mange stiftelsar har mange deltidstilsette. Eit eksempel på dette er museum som tilset mange guidar i høgsesongen om sommaren, men har færre tilsette resten av året. Vi ønskte derfor å undersøke kor mange årsverk norske stiftelsar har. For å sikre at årsverk og tilsette blei rapporterte frå same tidspunkt, spurde vi om begge delar i undersøkingane. Ikkje alle stiftelsar har eit nøyaktig tal årsverk, og derfor fekk dei høve til å svare at talet på årsverk var eit anslag.

Ein god del stiftelsar eig verksemdar utanfor stiftelsen. For eksempel kan ein stiftelse eige ein barnehage, som igjen er eit sjølvstendig selskap. I dette eksempelet vil ofte stiftelsen ha få eller ingen tilsette, medan barnehagen har fleire tilsette. I nokre tilfelle kan dette ha ført til at det har blitt rapportert feil.

Basert på vurderingane vi har gjort i kapittelet om tilsette og årsverk, er det grunn til å tru at det er for stor variasjon og for lite nøyaktigheit i svara på dette spørsmålet. Derfor er det vanskeleg å trekke slutningar.

Vedlegg 1: Spørjeundersøkinga

Temaundersøkelse 2020

Når du svarer på undersøkelsen, er det ikke mulig å bla frem og tilbake mellom sidene eller lagre svarene og fortsette senere. Hvis vi får flere svar fra samme stiftelse, vil siste registrerte svar før fristen være gjeldende.

Hvis du har spørsmål om temaundersøkelsen, kan du kontakte oss på e-post (undersokelse@lottstift.no) eller telefon (57 82 80 00).

1) * **Stiftelsens navn:**

Skriv organisasjonsnummeret med sifre uten mellomrom.

2) * **Stiftelsens organisasjonsnummer:**

3) * **Navn på person som svarer på vegne av stiftelsen:**

4) * **Rollen til personen som svarer på vegne av stiftelsen:**

- Styreleder
- Styremedlem
- Daglig leder
- Forretningsfører
- Regnskapsfører
- Administrativt ansatt
- Annet

5) **Oppgi en e-postadresse som vi kan kontakte deg på dersom vi har spørsmål til svarene dine:**

6) * Hvor driver stiftelsen aktivitet, eller hvor deler stiftelsen ut penger?

- Norge
- Utlandet
- Norge og utlandet

7) * Hvor i Norge er det stiftelsen driver aktivitet / deler ut penger?

- Landsdekkende
- Troms og Finnmark
- Nordland
- Trøndelag
- Møre og Romsdal
- Innlandet
- Vestland
- Viken
- Oslo
- Vestfold og Telemark
- Agder
- Rogaland

8) * Hvor i utlandet er det stiftelsen driver aktivitet / deler ut penger?

- Europa
- Afrika
- Asia
- Nord-Amerika
- Sør-Amerika
- Oseania
- Antarktis/Arktis

For å kartlegge hvem som er mottakere av stiftelsens bidrag, spør vi etter stiftelsens målgruppe. Du kan merke av for flere målgrupper.

9) * Hvem er stiftelsens målgruppe?

- Befolkningen generelt
- Oppretterens familie og slekt
- Barn og unge
- Studenter
- Eldre og enker/enkemenn
- Mennesker med en sykdom eller diagnose
- Flyktninger og innvandrere

- Urbefolkning og minoritetsfolkegrupper
- Andre utsatte grupper
- Annet

10) * På hvilken måte realiserer stiftelsen formålet sitt?

- Gjennom utdeling av penger
- Gjennom aktivitet/tjenester/varer
- Gjennom eierskap av virksomhet/bedrift (eller andeler av selskap / holding)
- Gjennom en kombinasjon av pengeutdeling, aktivitet og/eller holding

For å kartlegge stiftelsenes bidrag til samfunnet i form av pengeutdelinger spør vi hvor mye stiftelsen har delt ut i 2018 og 2019.

Oppgi beløpet i hele tall, uten desimaler, mellomrom, komma eller punktum. Eksempel: 10000. Dersom stiftelsen ikke har delt ut penger, skriver du 0.

11) * Hvor mye delte stiftelsen ut totalt i 2018 og 2019?

	Oppgi for 2018:	Oppgi for 2019:
Oppgi beløpet i norske kroner:	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>

For å kartlegge hvilke områder som mottar midler fra stiftelser, spør vi hvor mye stiftelsen har delt ut innenfor ulike områder. Vi forstår at det kan være utfordrende å oppgi nøyaktig hvor mye som ble delt ut innenfor de ulike områdene. Vi ber deg likevel om å anslå et beløp som ikke overskrider totalbeløpet fra forrige spørsmål.

Oppgi beløpet i hele tall, uten desimaler, mellomrom, komma eller punktum. Eksempel: 10000.

12) Hvor mye delte stiftelsen ut innenfor de ulike områdene i 2018 og 2019?

	Oppgi beløp for 2018:	Oppgi beløp for 2019:
Helse-, omsorgs- og sosialtjenester (typisk offentlige tjenester)	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Samfunn, utvikling og sosiale tiltak	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Humanitært arbeid og bistand	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Kultur og idrett	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Religion og livssyn	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Barnehage, opplæring og utdanning	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Forskning	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Klima og miljø	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Dyr	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Bolig og eiendom	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>
Handel og service	<input style="width: 100%;" type="text"/>	<input style="width: 100%;" type="text"/>

Bygg, anlegg, industri, landbruk, olje og energi
Familie og slekt
Annet

Formålet med neste spørsmål er å kartlegge hvilke felt stiftelsene driver aktivitet innenfor. Med aktivitet mener vi både tjenester, varer og alt annet som ikke er rene pengeutdelinger.

Du kan velge flere svaralternativer.

13) * Hvilket felt driver stiftelsen aktivitet innenfor?

- Helse-, omsorgs- og sosialtjenester (typisk offentlige tjenester)
- Samfunn, utvikling og sosiale tiltak
- Humanitært arbeid og bistand
- Kultur og idrett
- Religion og livssyn
- Barnehage, opplæring og utdanning
- Forskning
- Klima og miljø
- Dyr
- Bolig og eiendom
- Handel og service
- Bygg, anlegg, industri, landbruk, olje og energi
- Familie og slekt
- Eierskap i annen virksomhet (holding)
- Annet

Du kan velge flere svaralternativer.

14) Hva slags aktivitet driver stiftelsen i kategorien helse-, omsorgs- og sosialtjenester?

- Førstehjelp og redningsarbeid
- Sykehjem og lignende
- Sykehus og lignende
- Rusomsorg
- Rehabilitering
- Folkehelse
- Sosialt arbeid og sosiale tjenester
- Arbeidstrening og andre arbeidstiltak
- Barnevern
- Andre tjenester innen fysisk helse
- Andre tjenester innen psykisk helse
- Annet

Du kan velge flere svaralternativer.

15) Hva slags aktivitet driver stiftelsen i kategorien samfunn, utvikling og sosiale tiltak?

- Demokrati og ytringsfrihet
- Menneskerettigheter og likestilling
- Samfunnsutvikling og næringsutvikling
- Allmennyttige formål
- Integrering og inkludering av ulike grupper
- Aktivitetstilbud, fritidstilbud, leir, ferie
- Tiltak for vanskeligstilte
- Velferdstiltak for ansatte og medlemmer
- Annet

Du kan velge flere svaralternativer.

16) Hva slags aktivitet driver stiftelsen i kategorien kultur og idrett?

- Museum, utstilling og galleri
- Kulturvern og historie (inkludert restaurering, bevaring og fremvisning)
- Festival og konsert
- Dans (inkludert kurs/opplæring)
- Sang og musikk (inkludert kurs/opplæring)
- Teater og film (inkludert kurs/opplæring)
- Annen kunstform (inkludert kurs/opplæring)
- Bibliotek og litteratur
- Sport og idrett (inkludert turnering/kurs/opplæring)
- Idrettsanlegg, baner, utstyr og fasiliteter
- Stipend og prisutdeling
- Annet

Du kan velge flere svaralternativer.

17) Hva slags aktivitet driver stiftelsen i kategorien forskning?

- Helseforskning
- Samfunnsforskning
- Klima- og miljøforskning
- Annen naturvitenskapelig forskning
- Annet

Du kan velge flere svaralternativer.

18) Hva slags aktivitet driver stiftelsen i kategorien barnehage, opplæring og utdanning?

- Barnehage
- Grunnskole
- Videregående skole
- Folkehøyskole
- Fagskole
- Universitet, høyskole og annen høyere utdanning
- Kurs
- Leksehjelp
- Annet

For å kartlegge stiftelsens bidrag til samfunnet i form av sysselsetting spør vi her om antall ansatte og årsverk.

Dersom du ikke har et sikkert/nøyaktig tall årsverk, ber vi deg om å oppgi et anslag. Vi spør derfor om det antallet årsverk du oppgir, er et sikkert tall eller et anslag.

Oppgi tallet med sifre. Skriv for eksempel 3,5 for tre og et halvt årsverk.

19) Hvor mange ansatte hadde stiftelsen i 2018 og 2019, og hvor mange årsverk utgjorde disse totalt?

	Oppgi svar for 2018:	Oppgi svar for 2019:
Oppgi antall ansatte:	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Oppgi antall årsverk:	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Er antall årsverk et anslag? (Svar ja/nei)	<input type="text"/>	<input type="text"/>

For å kartlegge stiftelsenes bidrag til samfunnet i form av frivillig arbeid spør vi om antall frivillige personer som stiftelsen har engasjert, og antall dugnadstimer disse har jobbet totalt for stiftelsen i 2018 og 2019.

Stiftelsens styre, inkludert varamedlemmer, regnes ikke som frivillige når de utfører arbeid i rollen som styremedlem (for eksempel deltar på styremøter). Utfører styremedlemmer annet frivillig arbeid for stiftelsen, skal det telle med. Tell med alle som utfører frivillig arbeid for stiftelsen, også de som mottar relativt små honorarer for frivillig innsats, eller som får dekket utgifter til reise og mat i forbindelse med frivillig arbeid.

Dersom du ikke har et sikkert/nøyaktig tall på antall frivillige og antall dugnadstimer, ber vi deg om å anslå et antall. Vi spør derfor om det antallet frivillige og dugnadstimer du oppgir, er et sikkert tall eller et anslag.

Oppgi antall frivillige og dugnadstimer med sifre.

20) Hvor mange frivillige engasjerte stiftelsen i 2018 og 2019, og hvor mange dugnadstimer jobbet disse totalt?

Oppgi svar for 2018:	Oppgi svar for 2019:
----------------------	----------------------

Oppgi antall frivillige:

Oppgi antall dugnadstimer:

Er antall frivillige et anslag? (Svar ja/nei)

Er antall dugnadstimer et anslag? (Svar ja/nei)

21) Hvis du ønsker det, kan du her skrive hva stiftelsen har bidratt med de siste to årene:

--

Stiftelsestilsynet jobber for å gjøre stiftelsesformen mer kjent og for å synliggjøre stiftelsers bidrag til samfunnet. I den forbindelse ønsker vi å vite om vi kan kontakte dere for å lage en sak om stiftelsen. Dette er helt uforpliktende for stiftelsen, og vi kommer ikke til å kontakte alle som svarer ja på dette spørsmålet.

22) Kan Stiftelsestilsynet kontakte stiftelsen om en eventuell sak på nettstedet vårt eller i media?

Ja

Nei

Stiftelsestilsynet arrangerer konferanser, skriver blogger og har nyttig informasjon som vi ønsker å nå ut til stiftelsene med. Vi ønsker derfor å lage en e-postliste for å sende ut informasjon og invitasjoner til konferanser.

23) Oppgi en e-postadresse til stiftelsen:

--

24) Her kan du skrive eventuelle kommentarer til undersøkelsen:

--